

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

## Friluftslivets ferdsselsårer tildeling av tilskot haust 2020

### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve kr 300.000 til arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer i kommunane. Løyvinga går frå budsjettpost 460.401. Tilrådd fordeling:

Søkn.nr	Søkjar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Fitjar kommune	Kartlegging av umerka turstiar nærområda der folk bur	60 000
2	Stad kommune	Friluftslivets ferdsselsårer i Stad kommune	60 000
3	Stord kommune	Ferdsselsårer Stord kommune steg 3 og 4	60 000
4	Ulvik Herad	Plan for friluftslivets ferdsselsårer del 1 og 2	60 000
5	Øygarden Kommune	Friluftslivets ferdsselsårer steg 3 og 4	60 000
6	Vener av Balestrandsfjella	Keipenstien, Yglebotn	0
<b>Totalt</b>			300 000

2. kr 450.000 frå budsjettpost 460.400 vert avsett til kompetansehevande tiltak:
  - informasjonsmøte for kommunane
  - erfaringssamlingar
  - bidra kommunane med å nytte datagrunnlaget aktivt og utføre tiltak
  - motivere resten av kommunane til prosjektdeltaking i 2021 - 2023
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å setje av kr 434.000 frå budsjettpost 460.400 til fordeling til plan for friluftslivet ferdsselsårer våren 2021.
4. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering får mynde til å tildele fondsmidlar, kr 1.184.759, til kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane til ferdigstilling av arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområde i 2020-2021 og til nødvendige kompetansehevande tiltak for å lukkast med dette.
5. Inntil kr 500.000 av fondsmidlar etter avslutning av prosjektet «merking og gradering av turløyper i Hordaland», post 400.450.20, vert avsett til fylkeskommunal eigendel i ein søknad til Gjensidigestiftelsen om midlar til Naturmøteplassen.

Samandrag

Tiltaket friluftslivets ferdsselsårer er forankra i Anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune 2020-2024 om omhandlar m.a. å følgje opp kommunane sitt arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer, ferdigstille arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområde og deltaking i prosjektet Naturmøteplassar.

Plan for friluftslivets ferdsselsårer er eit nasjonalt prosjekt 2019-2023 med mål om å få fleire ut på tur jamleg, auke tilgangen til å utøve friluftsliv og få kommunar til å utarbeide planar for friluftslivets ferdsselsårer. Prosjektet er ei vidareføring av dei nasjonale satsingane på kartlegging og verdsetting av friluftsområde og merking og gradering av turløyper.

Prosjektet er finansiert av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar. For 2020 tildelte Miljødirektoratet Vestland fylkeskommune kr 695 000 til arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer. Desse midlane skal nyttast til prosjektleiing, nettverkssamlingar, reisekostnadars og prosjektmidlar til kommunane. Vestland fylkeskommune har inngått ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd som gjeld ut 2023. Som del av avtalen skal friluftsrådet tilby kommunane i Vestland fagleg bistand til å få gjennomført prosjektet.

Kartlegging og verdisetting av friluftsområde var eit nasjonalt prosjekt i perioden 2014-2019. Av ulike årsaker har 12 kommunar i Vestland ikkje fullført arbeidet. Mange av desse kommunane har kome eit godt stykke på veg og for nokre står det berre att å utarbeide kartfiler og publisere data i Naturbase. Avsette fondsmidlar til føremålet i Sogn og Fjordane fylkeskommune er no overført til budsjettpost 460.401, og Miljødirektoratet har gitt utsett rapporteringsfrist til 31.12.2021. Fylkesdirektøren ser at med den styrka kompetansen innan friluftsliv har fylkeskommunen gode forutsetningar for å kunne bistå dei resterande kommunane i Vestland til å ferdigstille arbeidet med å kartlegge og verdsette friluftsområde innan utgangen av 2021. Dette gir kommunane det nødvendige grunnlaget for å starte arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer.

Gjensidigestiftelsen har for 2020 sett av kr 25 mill. til «naturmøteplassen» og inviterer fylkeskommunane i brev av 28.08.2020 og i møte 30.10.2020, til eit samarbeid om tiltak som kan realiserast i 2021. Målet er å utvikle ulike forbildeprosjekt som kan inspirere og vise fleire måtar å skape inkluderande møtestader for naturopplevelingar, fysisk aktivitet, læring og sosialt fellesskap. Innan knappe tidsfristar har fylkesdirektøren søkt Gjensidigestiftelsen om kr 3.275.000 til sju prioriterte prosjekt i seks kommunar i Vestland. Hovudfokus er på universell tilrettelegging for å ivareta at alle kan ha lik rett til deltaking i friluftslivet.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 samanstilling og vurdering av innkomne søknader
- 2 Rapport BOF - Status i arbeidet med friluftslivets ferdsselsårer
- 3 Samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd 2020-2023
- 4 Prosjektskildring plan for friluftslivets ferdsselsårer 2020-2023
- 5 Brev fra Gjensidigestiftelsen 28.8.20
- 6 Søknad til Gjensidigestiftelsen

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Plan for friluftslivets ferdsselsårer

I regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv (2018) er det forankra eit nasjonalt prosjekt 2019-2023 for å identifisere, ivareta, utvikle og legge til rette friluftslivets ferdsselsårer gjennom ein eigen plan i kvar kommune. Målet for prosjektet er å få fleire ut på tur, at befolkninga ute over friluftsliv jamleg, auke tilgjengelegeita for å utøve friluftsliv og få flest mogleg kommunar til å utarbeide planar for friluftslivets ferdsselsårer for å systematisere dette arbeidet. Arbeidet med plan for friluftslivets ferdsselsårer skal auke kunnskapsgrunnlaget om dei ferdsselsårene kommunane har, kva behov dei dekker og korleis dei kan utviklast for å skape meir aktivitet. Det er utvikla ein rettleiar frå Miljødirektoratet, plan for friluftslivets ferdsselsårer (M-1292), for å få ein systematisk og metodisk tilnærming til arbeidet. Arbeidsprosessen har 4 steg:

- Steg 1: Oppstart - forankring/vedtak, utarbeide prosjektplan og etablere prosjektgruppe og annonsering.
- Steg 2: Kartlegge nå-status - ferdsselsårer, turruter og målpunkt, supplere kartlegging ved involvering av eksterne, registrere trasear og målpunkt relevant for arbeidet og innhente anna relevant informasjon.
- Steg 3: Kvalitetssikre mål, foreslå tiltak, prioritere
- Steg 4: Samanstille planen, høyring og vedtak

Vestland fylkeskommune si rolle i prosjektet er koordinering regionalt, rekruttere og motivere kommunar til igangsetting, følgje opp enkeltkommunar med rettleiing og legge til rette for erfaringsutveksling. Vestland fylkeskommune har inngått ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd som gjeld ut 2023. Friluftsrådet skal tilby kommunane i Vestland fagleg bistand til å få gjennomført prosjektet. 21. januar vart det arrangert oppstartsmøte for dei ni kommunane som fekk tildeling i 2019 saman med Miljødirektoratet, Kartverket og Bergen og Omland friluftsråd.

I PS 61/2020 tildelte hovudutval for kultur, idrett og integrering den 21. april midlar til sju nye kommunar. Den 30. september gjennomførte Vestland fylkeskommune i samarbeid med friluftsrådet, Miljødirektoratet og Kartverket to digitale nettverkssamlingar - ein for kommunar som allereie er i gang med arbeidet og ein for kommunar som enno ikkje har søkt om midlar til arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer. Vestland fylkeskommunen deltek i ei nasjonal rådgjevande gruppe for arbeidet. Prosjektskildring 2020-2023, statusrapport og samarbeidsavtale med Bergen og Omland friluftsråd er vedlagt.

Vestland fylkeskommune søkte Miljødirektoratet om 50% statleg medfinansiering innan fristen 1. mars 2020. Den nasjonale ramma for ordninga i 2020 er kr 6 mill. og Vestland fylkeskommune vart tildelt kr 695 000. Desse midlane skal nyttast til prosjektleiing, nettverkssamlingar, reisekostnadar og prosjektmidlar til kommunane.

Budsjett 2020:

Kr 1.179.000 + kr 695.000 (statlege midlar)  
PS 61/2020 løyvd kr 450.000 + kr 300.000 til eigendel søknad til  
Kartverket om kartlegging av UU turvegar  
Kr 1.124.000 til fordeling haust 2020.

Vedtak kriteria:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering 2.12.2019 PS 07/19

Kriteria og info om ordninga:

[retningslinjer for ordninga](#)

Søknadsfrist haust 2020:

15. oktober

6

Tal på søknader

5

Tal på søknader tildelt støtte:

kr. 447.500

Samla søknadssum:

kr. 300.000

Samla løvying til kommunane:

kr. 450.000

Kompetansehevande tiltak 2021 - 2023

Avsett til fordeling til plan for friluftslivets ferdsselsårer våren 2021 kr. 434.000

Plan for friluftslivets ferdsselsårer er ei vidareføring av arbeidet kommunane har gjort med kartlegging og verdsetting av friluftsområde og det nasjonale turskiltprosjektet knytt til merking og gradering av turløyper.

## Kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Det er eit nasjonalt mål at flest mogleg kommunar skal kartlegge og verdsette område som vert nytta til friluftsliv. Kartlegging og verdsetting er eit nyttig forvaltningsverktøy, som gjer at kommunane kan ivareta og vidareutvikle innbyggjarane sine moglegheiter for å utøve eit variert og helsefremmande friluftsliv. For å få ei heilsakleg forvaltning av friluftsområde, på tvers av kommunegrenser, er det naudsynt at flest mogleg kommunar gjennomfører kartlegging/ verdsetting.

I Vestland har 31 kommunar fullført kartlegging og verdsetting og publisert kartleggingsdata i Naturbase.no. 12 kommunar har ikkje fullført arbeidet. Mange av desse kommunane har kome eit godt stykke på veg og for nokre står det berre att å utarbeide kartfiler og publisere data i Naturbase. Fleire kommunar har vore gjennom kommunesamanslåingar og det er mogleg at arbeidet med kartlegging/verdsetting har stoppa litt opp i denne prosessen. I nokre av dei nye kommunane manglar det kartlegging for ein eller to av dei samanslåtte gamle kommunane.

Vestland Fylkeskommune har i løpet av 2020 styrka kompetansen innan friluftsliv. Samarbeidsavtalen med Bergen og Omland friluftsråd inkluderer og bistand til kommunane med å slutføre arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Ferdigstilling av dette arbeidet gir kommunane det nødvendige grunnlaget for å kunne søke om midlar til å utarbeide plan for friluftslivets ferdelsårer.

Miljødirektoratet gav den 6.11.20 Vestland fylkeskommune eitt års utsett frist på å rapportere på tildelte midlar til føremålet frå 2016, 2017 og 2018. Fondsmidlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Sogn og Fjordane, totalt kr 1.184.759 (kr 1.008.757 frå 2510800045 - SFFK Friluftsliv- og vilt tiltak næring og kr 176.002 frå 2510800075 - SFFK KMD 2016 næring) er overført til budsjettpost 460.401 friluftslivets ferdelsårer. Det er oppretta eit eige prosjektnummer. For å klare å ferdigstille arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområde innan fristen, ber fylkesdirektør om delegert mynde til å tildele fondsmidlar til kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane og til nødvendige kompetansehevande tiltak. Fylkesdirektøren vil orientere hovudutval for kultur, idrett og integrering om framdrifta i arbeidet og fordelinga av tilgjengelege midlar.

## Naturmøteplassen

Gjensidigestiftelsen har sett av kr 25 mill. til «naturmøteplassen» og inviterer fylkeskommunane til eit samarbeid for å utvikle forbildeprosjekt som kan inspirere og vise fleire måtar å skape inkluderande møtestader for naturopplevelsingar, fysisk aktivitet, læring og sosialt fellesskap. Dei avsette midlane skal gå til gode prosjekt som involverer brukarar og frivillige organisasjonar i planlegging og gjennomføring. Etter planen skulle midlane vore lyste ut i vår, men korona-situasjonen medførte utsetjing og har sett tidspress på prosessen. Fylkesdirektøren har vore i positiv dialog med Gjensidigestiftelsen og har på vegne av kommunane/ organisasjonane i Vestland, søkt om kr 3.275.000 til sju prioriterte prosjekt i kommunane Alver, Bergen, Kinn, Luster, Masfjorden og Sunnfjord. I tillegg er det søkt om kr 2.1 mill. til åtte andre prosjekt dersom tilskotsramma til stiftinga har rom for det. Hovudfokus er på universell tilrettelegging for å ivareta at alle kan ha lik rett til deltaking i friluftslivet. Prosjekta er delt i to tema:

- utvikling av områder rundt dagsturhyttene
- fiskeplassar, badeplassar, vannsport og turvegar

Fylkesdirektøren har lagt vekt på geografisk spreieing av tiltak i heile fylket og fordeling mellom friluftsliv - område i bynære strøk, tettstader og med mindre busetnad. Den formelle søkeradsutlysinga vert opna medio november, men Gjensidigestiftelsen hadde behov for konkret informasjon om prosjekta innan 10. november. Tildeling av midlar vil skje i starten av februar 2021. Fylkesdirektøren foreslår å løyve inntil kr 500.000 til fylkeskommunal eigendel i søkeraden om midlar til Naturmøteplassen, og at dette vert finansiert frå avsette fondsmidlar etter avslutning av prosjektet merking og gradering av turløyper i Hordaland (midlar frå Gjensidigestiftelsen), post 400.450.20. Det er totalt kr 975.750 på dette fondet. Brev frå Gjensidigestiftelsen av 28.08.2020 og søkeraden er vedlagt.

## Vedtakskompetanse

## Hovudutval for kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. I tillegg har Miljødirektoratet løyvd midlar til arbeidet. Fondsmidlar frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane er lagt til i budsjettpost 460.401.

**Klima:** Ikke relevant

**Folkehelse:** Naturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMIS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

### **Regional utviklingsplan:**

Hovudmål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland  
Hovudmål 4 Like mogelegeheter til å delta i verdiskaping

### Konklusjon

Fylkesdirektør tilrår at forslag til vedtak vert følgt, for på den måten å sikre god framdrift i kommunane sitt arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer, ferdigstilling av kartlegging og verdsetting av friluftsområde i alle kommunar i Vestland i 2021 og deltaking i Gjensidigestiftelsen sin satsing på naturmøteplassar.